



## Statens vegvesen

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Nina Søvik Mjømen

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/4442-11

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.12.2016

### Løyve – Avkjørsle – Fv. 565 – Gnr. 79 bnr. 21 – Tjore Nedre – Radøy

Vi syner til brev dagsett 8. november 2016 der det vert varsla at avkøyrsla er opparbeid i samsvar med våre krav. Vi var på synfaring på staden 28. november 2016. Vi syner elles til vårt førehandstilsegn av 17. mars 2016.

#### Vedtak:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsla frå fv. 565 til eigedom gnr. 79 bnr. 21 i Radøy kommune. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

#### Vilkår for løyvet:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn sett desse vilkåra for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg gitt av Vegdirektoratet 16.7.1964 og Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg gitt av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt foran og i samsvar med vedlagde prinsippsskisse.
3. Løyvet gjeld for dette føremål: Utvida bruk av avkøyrsla for oppføring av to-mannsbustad.
4. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at friskt og andre krav til avkøyrsla til kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet bli trekt tilbake.

5. Løyvet gjeld kun tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve med omsyn til nabo- og eigedomstilhøve knytt til bruk og opparbeiding av avkøyrslé, frisktsoner og tilkomstveg må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Slike rettar bør tinglysast.

**Bakgrunn for vedtaket:**

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs veggen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den veggen det er søkt om avkøyrslé frå.

Søkjjar har opparbeidd avkøyrslé i samsvar med dei krav som var sett i vårt førehandstilsegn datert 17. mars 2016.

Radøy kommune har gjeve dispensasjon frå rekkjefølgjekrav og løyve etter plan og bygningslova til oppføring av til to-mannsbustad på tomte, i vedtak 30. september 2015 i hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

**Retten til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar


Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Vedlegg:**


Prinsippskisse vedlagt førehandstilsegn av 17. mars 2016  
Situasjonskart M1:1000

Kopi  
Arvid Rikstad  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER



	Fv. 565
	Avkøyrslø gnr. 79 bnr 21 - Radøy kommune
	06.12.2016
	Målestokk 1:1000
Statens vegvesen	


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

